



Mats Røssland opnar ein ny sesong for Vertshuset i ettermiddag.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vermeldingane lovar det beste for helga og det er grunn til å venta godt besøk i båthamnane i Uskedalen. Det er godt nytt også for Røssland, som opnar Vertshuset klokka 16 i ettermiddag (fredag).

- Det blir godt drikke og enkel mat, seier han til uskedalen.no før opninga. Imorgon held han ope frå klokka 12, men stengjer frå klokka 16 på grunn av eit privat selskap om kvelden.
1. pinsedag er opningstioda frå 12 til 01.30 medan den måndag er frå 12 til 22.

Vi kjem ellers attende til planane for Vertshuset utover sommaren, men tek førebels med at Røssland kjem til å satsa sterkt på fotballoverføringane i TV. Han lokkar med vising av alle Brann- og landslagskampar og utvalgte

championsleague-kampar på storskjerm i heile sesongen.
'Storskjerm og ekstra gode prisar på mat og drikke' lovar vertshuseigaren.

Ellers var dei første gjestene på plass i båthamnane for fleire dagar sidan og utover fredagen har fleire leita etter plass, til og med eit svanepar!
Også dei vil nok heller vera i Uskedalen og ikkje ta lenger innover fjorden.

Av Ola Matti Mathisen og Torfinn Myklebust



Også dei leitte visst etter plass i Uskedalen fredag. Som mange andre ville dei heller vera her i staden for å dra vidare innover fjorden...
(Foto: Torfinn Myklebust)